

Fra: Sissel Mehammer (vsme@udi.no)

Sendt: 02.11.2015 12:14:01

Til: Lars Sponheim; Magnhild Meltveit Kleppa; Anne Karin Hamre; post.hs@politiet.no; Hordaland Politidistrikt; Rogaland Politidistrikt; post.sfj@politiet.no; Helene.Arholm@ks.no; Astrid.Toft@ks.no; Jan Ryste (Jan.Ryste@ks.no); hildegunnbjelde@gmail.com; marit.aase@samnanger.kommune.no; jenny.folling@sfj.no; firmapost@rogfk.no; Hordaland Fylkeskommune - Postmottak; postmottak.sentraladm@sfj.no; region.vest@bufetat.no; rvts@helsebergen.no; mottak-vest@imdi.no; IOMoslovarp@iom.int

Kopi:

Emne: Etablering av nye akuttinnkvartering for asylsøkjere

Vedlegg: image001.gif

Til Fylkesmenn, fylkeskommunar, politidistrikt , IMDi, Bufetat, IOM og KS i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane

Vi er i ein situasjon der vi ikkje har nok ordinære mottaksplassar i landet og må etablera akuttinnkvartering for asylsøkjere over heile landet. Avtalane om slik innkvartering er i utgangspunktet for to månader. Vi etablerte den første akuttinnkvarteringa i helga på Ågotnes i Fjell kommune. Lopex mottak AS har ansvar for drift av plassane. 187 asylsøkjere som har kryssa grensa ved Storskog i Finnmark, blei innkvartert på desse plassane i natt. Vi har og etablert 180 akuttplassar i Haugesund som blir drifta av Hero Norge AS. Desse plassane vil bli tatt i bruk i dag. Vi vil komma til å halda fram med etablering av slike plassar så lenge det er behov. Kommunale myndigheiter blir varsla før plassane bli tekne i bruk.

Behovet for mottaksplassar er framleis stort og vi mottar i dag tilbod i ein konkurranse for å etablera inntil 450 mottaksplassar for einslege mindreårige i regionen og det vi og bli offentleggjort ny konkurranse for å etablera fleire ordinære mottaksplassar. I tillegg er det og aktuelt å gjera avtalar for meir kortsiktig innkvartering.

Med helsing

Sissel Mehammer

seniorrådgivar

Region- og mottaksavdelingen

Regionkontor Vest

+47 91106299

UDI

Utlendingsdirektoratet

www.udi.no